



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Deres ref
2021/4775

Vår ref
21/4317-

Dato
13. desember 2021

**Representantforslag 33 S (2021-2022) frå stortingsrepresentantane
Dagfinn Henrik Olsen, Gisle Meininger Saudland og Erlend Wiborg om
redusert arbeidsgjevarperiode for sjukepengar ved fråvær på grunn av
covid-19**

Eg viser til brev av 3. desember 2021 frå Stortinget sin arbeids- og sosialkomité, der det vert spurt om mi vurdering av representantforslag 33 S (2021-2022) frå Dagfinn Henrik Olsen, Gisle Meininger Saudland og Erlend Wiborg. Forslaget gjeld forlenging av redusert arbeidsgjevarperiode for sjukepengar ved fråvær på grunn av covid-19 til og med 30. juni 2022

Sidan 16. mars 2020 har medlemmar av folketrygda hatt rett til sjukepengar ved fråvær frå arbeidet på grunn av covid-19 eller mistanke om slik sjukdom. Desse reglane gjeld ut året, og regjeringa har varsla at dei skal forlengast ut første halvår 2022, jf. omtale i Prop. 1 S Tillegg 1 (2021-2022). Gjennom store delar av pandemien har folketrygda dekt delar av utgiftene arbeidsgjevarar har hatt innanfor arbeidsgjevarperioden på 16 dagar til sjukefråvær på grunn av covid-19-pandemien. Til og med september i år dekte trygda utgiftene arbeidsgjevarar hadde til slikt fråvær frå og med fjerde fråværsdag. Det same gjaldt for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar. Desse reglane var heimla i mellombels forskrift 20. mars 2020 nr. 368 om unntak frå folketrygdlova og arbeidsmiljølova i samband med covid-19-pandemien, kor også sjølv rett til sjukepengar nemnd innleiingsvis er heimla.

Tidlegare i haust vurderte regjeringa situasjonen slik at det ikkje var naudsynt å føre vidare særregelen om redusert arbeidsgjevarfinansiering, jf. omtale i Prop. 7 LS (2021-2022). Slik utsiktene såg ut då, la me til grunn at den økonomiske påkjenninga for kvar einskild verksemd som følgje av sjukefråvær på grunn av covid-19-pandemien ville vere avgrensa i tida framover. I ein situasjon som etter kvart vart meir som før pandemien starta, la me også

vekt på at det er viktig å kome tilbake til mest mogleg normale ordningar når situasjonen tillet det.

No er smittesituasjonen kraftig forverra samanlikna med korleis det var for berre kort tid sidan. Virusmutasjonen omikron gjev særleg grunn til uro og gjer at den vidare utviklinga er særst usikker. Regjeringa har derfor allereie i fleire omgangar innført strengare smitteverntiltak. Det er rimeleg å kompensere arbeidsgjevarar for delar av den økonomiske påkjenninga desse tiltaka fører til gjennom auka sjukefråvær. Som me allereie har varsla, vil me derfor innføre nye reglar for redusert arbeidsgjevarfinansiering med verknad for sjukefråvær frå og med 1. desember 2021 og fram til og med 30. juni 2022. For fråvær frå arbeidet på grunn av covid-19-pandemien, skal arbeidsgjevarar i denne perioden berre betale sjukepengar i eit tidsrom på opptil fem kalenderdagar, inkludert dagar med delvis fråvær. På same vis skal sjølvstendige og frilansarar få dekt utgifter til sjukefråvær på grunn av covid-19-pandemien frå og med sjetten fråværsdag.

Med dei nye reglane vil verksemdar, og også sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar, få kompensasjon for nokre av dei økonomiske ulempene som følgjer av smitteverntiltaka frå styresmaktene. På den måten medverkar dei også til etterleving av påbod og tilrådingar om smittevern og med det til å redusere smittespreiinga.

Med hilsen

A handwritten signature in blue ink that reads "Hadia Tajik". The signature is written in a cursive style, with the first name "Hadia" on the top line and the last name "Tajik" on the bottom line, connected by a long horizontal stroke.

Hadia Tajik